



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19.30 til 21.30 Møtedato: 19.02.2014

Frå saksnummer: 11/14 Til saksnummer: 19/14	Møtestad: Menighetssalen, Klepp kyrkje
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø Inger Vassel Myrstad Else Fredheim Hodne Jan Arild Anda Andreas Haarr (sokneprest) Edel H Østrem
Vara medlemmer:	Innkalla varamedlem meldte forfall
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær
Diverse merknader	Ikkje til stades: Svein Olav Nesse (nestleiar), Arvid Hareland, Pauline Braut (1.vara)

Sak 11/14 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak:

Saksliste og innkalling godkjennast.

Sak 12/14 Godkjenning av møtebok frå møte den 29.01.2014

Vedtak:

Møteboka av 29.11.14 vert godkjent

Sak 13/14 Årsmelding

Årsmelding for 2013 vart gjennomgått. Årsmeldinga vart godkjent med nokre kommentarar frå SR.

Sak 14/14 Tenesteveker prest Klepp stasjon

Soknerådet har fått brev frå Klepp stasjon kyrkjelyd om tenesteveker for presten i Klepp stasjon kyrkjelyd. Desse vekene går presten på Klepp stasjon inn og dekker gravferder og vigslar som soknepresten skulle hatt.

Vedtak:

Klepp sokneråd går inn for å dekke 3 tenesteveker per år frå og med januar 2015.

Sak 15/14 Menighetsutvikling

Det bør vera ein eigen komité som arbeider med menighetsutvikling. Det er ynskjeleg med 5 personar i denne komiteen. Komiteen vert sett saman slik:

- Sokneprest
- Barne- og familieprest
- Repr frå soknerådet – Jan Arild Anda
- 2 frivillige

Sak 16/14 Lyddemping/akustikk menighetssal

Det er behov for lyddemping i menighetssalen. I første omgang kjøper sekretær inn gardiner og ser om dette hjelper på.

Sak 17/14 Plassering av trusopplæringsarrangement

Vedtak:

Soknerådet jobbar vidare med å finna alternative lokalar for trusopplæring

Sak 18/14 Orienteringssaker

- a) Gjevartenesta
Oppsummering etter utsending av brev og direkte kontakt. Fleire nye gjevarar har meldt seg, og me vil ta ei oppsummering når det har gått ei tid for å sjå kor mange av dei som vart kontakta som har meldt seg til gjevartenesta.
- b) Årsfest- fordeling av arbeidsoppgåver. Eige notat til soknerådet.

Sak 19/14 Ymse

- a) Andreas informerte om Bøn for bygda som Frikyrkja skal ha i påska.
- b) Maria: lokalar til medarbeiderfesten

Ref. Ingunn D Aandal
Sekretær